



Statens Kartverk

3507 HØNEFOSS

Vår ref:
06/00146-004-IMB

L.nr.
002295/06

Arkiv:
L20

Deres ref:

Dato:
04.07.2006

DEN NYE MATRIKKELLOVA- HØRINGSMERKNAD

Tilvising:

Den nye matrikelova (lov om eigedomsregistrering)

Merknad til lova

Lova er for tida lagt ut til høyring. Eg held på med å lesa gjennom lova, og fær hug til å koma med ein merknad til §4-10 i føresegna om grensejusteringa.

Opplysning:

Eg har arbeidd som ingeniør i Namsskogan Kommune sidan 1977. Arbeidsområdet mitt har i desse åra femja om alt moglegt som høyrer inn under det tekniske arbeidsområdet. Har arbeidd særskilt med oppmåling etter at Delingslova vart innført. Såleis sit eg inne med mykje røynsle. Akkurat det fører til at eg har særskilt interesse for landmålingsfaget.

Er ikkje ferdig enno med å lesa gjennom føresegna, men har hittil merka meg punktet om grensejustering. Her reagerer eg på at berre 5% av flateinnhaldet på ei tomt kan overførast til annan eigedom som grensejustering. Husker frå da Delingslova vart innført at det skulle vera romslegt tilgang for å få godkjent ei grensejustering. Det var viktugt å erstatta ulaglege grensor med nye som eigarane var nøgde med, og utan at store kostnader skulle hindra ein i å få det gjennomført.

Merknaden min vert:

5% er for ofte lite til at ein kan oppnå ny grensegang som ein vert nøgd med. Reagerer og på at ein bruker prosent. Meiner at ein heller skulle brukt m2. Går her inn for ei grense oppåt på 100 m2, uansett kor stor tomta opphavlegt er.

Med makeskifte lyt den samla grenseflata aukast til det double.

Tredje og fjerde ledd i den foreslåtte føresegna går eg inn for å sløyfa. Det vert jo så innfløkt!

Grunngjeving:

Når ein familie byggjer seg hus med uthus/garasje, byrjar ein i det små. Uthuset/garasjen er ofte lite, men stort nok da. Økonomien er da heller ikkje så romsleg at ein byggjer stort med det samme. Men så melder plasstrongen seg etter kvart som familien aukar og ymse ting vert kjøpt inn. Ein kan nemna sykklar, snøfres, graskløppar og alt moglegt anna. Ein gløymer ofte og plass til vedlagar, hengar og extra bil åt maken som og skal på arbeid. Her i desse landstroka er det utrulegt kor mykje som hopar seg opp etter kvart og som ein ikkje minst treng. Dessutan er det viktugt å få alt dette under tak så det

Postadresse:
Sentraladministrasjonen
7890 Namsskogan

Sentralbord: 74 33 32 00
Telefaks: 74 33 32 70
Saksbehandler tlf: 74 33 32 82

Bankgiro: 4472.06.00045
Bankgiro for skatt: 7855.05.17409
Org. nr: NO 864 982 212

E-post: postmottak@namsskogan.kommune.no
Hjemmeside: www.namsskogan.kommune.no

ikkje står ute året rundt i ver og vind og til synsulempe for anna folk. Her slit ein med store snømengder i tillegg som og krev plass til snøopplagring. Har røynt gong på gong at folk byggjer ut med påbyggjing av uthuset/garasjen og vert så fortvilt over den vesle plassen som dei har til rådvelde. Har ein i utgangspunktet ei lita tomt vil prosenten som grense svi attåt. Tykkjer at det er så viktugt at folk kan få tilgang til grensegang og såleis få til ei rimelegare eigedomsoverføring. Alt det her har så mykje å seia for trivnaden for ein sjølv og i tilhøve åt grannane. I motsett fall vert ønsket om eigedomsoverføringa lagt på is.

Med oppføring av nytt uthus/garasje eller påbyggjing av det gamle, vert det nye bygget ofte på ca 50 m2. Men jammen trengst det og for to bilar og som samstundes skal gjeva plass til alt anna som eg har ramsa opp. 5% av ei eitt måls tomt vert lett for lite når det skal vera plass til sånt hus med naudsynt omland og til atkomst frå bustadvegen. Her talar eg om røynsle etter snart 30 år her. Meiner at hvis ein er så heldig at det er moglegt med tilleggsgrunn, lyt det vera romsleg tilgang til det gjennom lovverket.

Voner såleis at høringsorganet forstår synspunktet mitt her og endrar på forslaget om grensejusteringa i føresegna. Har vel skrevi vel mykje om det her, men føler grunn for å underbyggja merknaden min grundigt så de på kartverket kan setja dykk inn i problemet.

Med helsing

Bjørn Nervik Direkte telefon: 743-33281
Kommuneingeniør Bjørn Nervik

Vedlegg:

Kopi:)